



Kva vegval har båtane gjort dei fire siste åra?


Del II: 2013 og 2014

Av Harald Gjosæter

I 2013 stilte 54 båtar til start i Seilmakeren Doublehanded, og i motsetnad til i 2012, kom alle med unnatak av tre til mål. Men det vart likevel ein tålmodsprøve for mange, for i periodar var det heilt dødt i farvatnet rundt Florø, så mange av båtane vart liggjande og driva i straumen i timevis rett etter start frå Florø. Men frå start ved Askøy var det fine tilhøve, med nordvestlig vind aukande frå 10-12 knop til 15-20 knop. I Hjeltefjorden var det god spreining på båtane, og dei som heldt seg aust i fjorden såg ut til å få ein liten fordel. Ingen gjekk ut Fedjeosen, og dei aller fleste gjekk Brosmeosen og Ytre Steinsundet. Heile 18 båtar gjekk til og med innom Rongevær, og det er vel første gongen dette har skjedd i denne seglasen. Ein original vri, men ørlite grann kortare enn vegen utanfor, og det gav god utteljing denne gongen. Endå meir original var vrien til båten som låg sist i feltet; han gjekk innerter Fensfjorden og nord Mjømnesundet mellom Byrknesøy og Mjømna i øyriket Gulen. Det var ikkje så vellukka, men ein fin tur var det sikkert!



Men det var tett trafikk gjennom Ytre Steinsundet, berre 5 båtar gjekk Straumsfjorden, og ingen gjekk utanfor Utvær eller lenger til havs. Og det var gode grunnar for det; sjølv om nordvesten neppe kom opp i meir enn liten kuling, så var det tung sjø ute, og krappe bølger, så dei (vi) som gjekk ut tapte stort på det. Dei aller fleste gjekk «Skomakaren» aust av Ospa, og fordelte seg omtrent likt på Aldesundet og Tvibyrgesundet, altså lengre inn enn vanleg. Dette gjentok seg ved neste vegval; heile 19 båtar gjekk aust av Askrova.

Returen til Askøy vart meir «standard», der alle gjekk vest om Askrova, og fordelte seg omtrent likt på Aldesundet, Olsundet i Bulandet og vest om Bulandet. Ei gruppe på 14 båtar valde så å gå til havs, medan 23 gjekk Straumsfjorden, og 12 gjekk Ytre Steinsundet. Derfrå til målgang



ved Askøy var det plankekjøring. For dei fleste båtane gjekk returen føre seg i aukande nordleg vind, så når dei først kom seg ut i vinden, gjekk resten av turen for spinnaker i god fart. Det syntes ikkje vera noko å vinna på å gå ut på vegen sørover heller, vinnarane i alle klassane gjekk Ytre Steinsundet, Brosmeosen og til og med Rongeværundet både på turen opp og ned. Overskrifta over vegvala i denne regattaen kan vera «kortaste veg både nord og sør». Sparinga til regattaen i 2013 kan ein finna her: <http://www.seilmagasinet.no/?regatta=1087>

I 2014 Starta berre 39 båtar i doublehandedløpet i Askøy Shorthanded Race som regattaen heitte det året. Men løpet var stort sett det same som tidlegare år, berre med fleire høve til avkorting i begge endar. Ti båtar kom ikkje til mål.



Starten gjekk i lett nordvest vind. Båtane som låg lengst vest då feltet nærma seg Fedje hamna i vindstilla, medan dei som gjekk aust i fjorden kom seg gjennom og sette kursen gjennom Brosmeosen med retning Ytre Steinsundet. Dei fleste gjekk den vegen, men to båtar stakk seg til havs sør og nord for Fedje og 7 båtar valde ei mellomløysing ved å gå Straumsfjorden. Det såg lenge ut til at strategien å gå tidleg vestover skulle slå feil denne gongen, for dei to på havet kom etter kvart langt bak dei hine. Men dei som stivnakka held på sin strategi, så lenge han er god, vel å merka, kjem gjerne best ut av det til slutt. Han som gjekk sør om Fedje låg på 17. plass i klassen då han endeleg kom seg ut Fedjeosen, men ved passering Ytre Sula hadde han forbetra si plassering til ein 8. plass, og ved passering vest av Bulandet ein 5. plass, men der stoppar sparinga hans. Men til slutt vart det ein 2. plass! For dei som gjekk Ytre Steinsundet på nord, hamna i trøbbel då dei skulle ut på Lågøyfjorden, for der var det lite og ikkje vind i ein periode, medan vinden for det meste stod fint lenger ute.


Turen attende starta i stiv kuling frå sørvest, og dei fleste valde å gå aust om Askrova, og vidare Aldesundet, Skomakaren og Ytre Steinsundet. Berre tre-fire båtar valde å gå vestover og til havs, eller heldt seg utanfor Ytre Sula, men tilsynelatande var det lite å henta på det. For vinden løya og dreidde



vest og nordvest, så dei som hadde gått lengst ut fekk dårleg skjering inn mot Fedje og vidare inn Hjeltefjorden. Dei som hadde gått lengre inne derimot, fekk god skjering over Sognesjøen og til Fedje, og inn Hjeltefjorden var det spinnaker som gjaldt. Dei fleste båtane som kom ned Ytre Steinsundet eller gjekk Straumsfjorden heldt fram kortaste vegen gjennom Brosmeosen og Rongeværsundet.

I 2014 vart det ein slags reprise på seglasen i 2011, der det syntes å svara seg å gå ut i meir stødig vind på turen nord, men der kortaste veg også var raskaste veg på tilbaketuren. Sporingdata for 2014 kan du finna her: <http://www.seilmagasinet.no/?regatta=1470>

Ved å studera sporinga av båtane i dei fire seglasane som har gått Askøy-Florø t/r, skulle ein tru det kunne vera mulig å finna ut kva vegval som svarar seg og kva som ikkje gjer det, for ein eller fleire båtar har valt alle mulige og umulige ruter mellom start og mål i kvar seglas. Men set ein seg føre å gjera ei slik analyse, trur eg dei fleste vil enda opp med same konklusjon som eg; det er uråd på generelt grunnlag å seie kva som svarar seg og ikkje svarar seg, det kjem heilt an på kva type båt ein har, og kva vind- straum- og bølge-tilhøve ein seglar i. I 2012 er det liten tvil om at det svara seg å gå langt ut både på nord og sør, i alle fall for store båtar. Men året etter var det motsett, då var det innaskjers som gjaldt, særleg dei som valde å gå til havs på turen nord fekk svi for dette, med tung krapp sjø i mot og ikkje noko meir vind enn innaskjers. Mens i 2011 og 2014 var det havet som gav fordel på veg nord, medan kortaste veg talde mest på veg sør. Så lenge det er vind nok, er det sjølvsagt kortaste veg som tel. Men faren for å bli liggjande i vindstilla er kanskje litt større inne i sunda enn utanfor. Siste stykket inn mot Florø har det vorte «bingoseglas» ved fleire høve, men avkortinga ved Stabben har forhåpentlegvis gjort slutt på dette.



Det skal bli spanande å sjå kva som vil skje under Seilmakeren Doublehanded i 2015. Det kan bli reprise på eit av dei tidlegare åra, men det kan også bli ein heilt ny situasjon. Meld deg på, så vert du ein del av spelet, og sjansen er stor for at du får deg ei oppleving du seint kjem til å gløyma! Og ikkje berre er dette ei spanande oppleving for oss som deltek; takk vere samarbeidet med Seilmagasinet som kombinert med sporinga gjer det til ei spanande mediasak, er det mange familiemedlemar, slekt og vener som følgjer regattaen på PCen. No manglar det berre at NRK oppdagar potensialet og lagar langsam-TV med «Seilmakeren minutt for minutt»!

